



Hordaland Fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/297 - 15/2461

Saksbehandlar:
Øivind Olsnes
oivind.olsnes@modalen.kommune.no

Dato:
11.11.2015

Melding om vedtak: Høyring til planprogrammet for - Regional transportplan for Hordaland 2018-2029

Modalen kommunestyre vedtok i møte den 5.11.15 under sak 045/2015 slik uttale:

Det vert vist til høyringsnotat datert 28. august 2015 frå Hordaland fylkeskommune om framlegg til planprogram for RTP for Hordaland 2018-2029. Høyringsfrist 27. november.

Framlegget til planprogram for ny regional transportplan gjev ei systematisk og god oversikt over aktuelle plantema. Kommunestyret i Modalen vil likevel be om at følgjande tema vert teke omsyn til:

Viktige omkøyringsvegar for riksvegar

Inndeling av vegnettet i statleg, fylkeskommunalt og kommunalt nivå er naturleg, men kan gje utilsikta verknader. Vegar plassert på feil nivå kan lett falla «mellom to stolar». Kommunestyret vil i den samanheng peika på at Fv 569 Dalseid-Romarheim er ein viktige omkøyringsveg for riksvegnettet. Kommunestyret i Modalen oppmodar derfor fylkeskommunen til å ta inn eit eige tema i planen ved å nytte inndelinga;

1. Overordna fylkesvegnett
2. Viktige omkøyringsvegar
3. Øvrige fylkevegar

I denne samanheng vil Modalen kommunestyre særskilt nemna at under dei mange stengningane av E16 dei siste åra så har det oppstått store problem på Fv 569. Auka trafikkmengd og manglande møteplassar på ein smal veg har innimellom laga nær kaotiske situasjonar på vegen. Kommunestyret vil derfor på det sterkaste oppmoda om å ta omsyn til dette i vidare planlegging og ROS-vurderingar for vegen.

Rassikring

Også Modalen er ein rasutsett kommune og fylkesvegane er viktige livsnerver. Det er viktig at arbeidet med rassikring vert vidareført med full tyngd, og at nye strekningar vert prioriterte på grunnlag av revisjon av noverande plan.

Prioritering av fylkesvegar som ikkje er del av overordna fylkesvegnett

Fylkesvegnettet er delt i to, overordna og andre fylkesvegnett. Vegar klassifisert som andre fylkesvegnett kan vera viktige for utviklinga i ein kommune og for nabokommunar, men ha låg prioritet frå fylket. Utvikling av bustad- , næringsareal og område for fritidsbustader kan på denne måten verta «låst inne» fordi ein veg ikkje vert rusta opp, og positiv verdiskaping kan gå tapt. Kommunestyret i Modalen vil oppmoda fylkeskommunen til å gjera dette til eit eige tema i planen.

Med helsing

Øivind Olsnes
Rådmann

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen signatur

Kopi til:

Vaksdal kommune	Konsul	5722	DALEKVAM
Masfjorden kommune	Jebsensgata 16 Austfjordvegen27 24	5981	Masfjordnes
Statens Vegvesen, Region Vest Postmottak Regionrådet	Askedalen 14	6863	LEIKANGER

Mottakere:

Hordaland Fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN